




HØYANGERSKULEN 1-13



Samarbeid i grunnopplæringa

Modell for tverrfaglig samarbeid mellom Høyanger videregående skule og Høyanger kommunehøgskule

Vi ønsker gjennom samarbeid mellom Høyanger videregående skule og Høyanger kommunehøgskule å styrke samarbeidet gjennom hele opplæringsløpet for å sikre elevene en god og sosial kompetanse og utdanning som gir dem et godt utgangspunkt for videregåande utdanning.

Samarbeid i grunnopplæringa

Berekraftig modell for utvida samarbeid og saumlaus drift mellom Høyanger vidaregåande skule og Høyanger kommune

Mål:

- Auke og sikre kvaliteten i læringsarbeidet gjennom heile grunnopplæringa for å gi elevane best mogeleg fagleg og sosial kompetanse.
- Kvalitet på målbare resultat i opplæringa 1 - 13
 - Læringsresultat
 - Auka gjennomføring vgs
- Samfunnsøkonomiske synergieffektar av samarbeidet
 - Økonomisk innsparing ved sambruk og samarbeid
 - Trivsel og velferd for elevane si framtid
- Vidareføre samarbeidet om Vurdering for læring

Læring

Han Arne kom
fløttandes utanifra
øyværet.
Han hadde lite å bidra med.
Trudde vi.
Åtte år i klasserommet
hadde lært oss det.

Ikkje før vi dro til Bliksvær.
På leirskole i fire daga
Med feske fra open båt
i hardført vær.
Da skjønnte vi.
Hadde tatt feil.

Sku vi ikke ha dradd
tel Bliksvær før ?

Kirsten



for
Høyanger vidaregåande skule

for
Høyanger kommune

Innhald

1.0 Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
2.0 Mål for prosjektet	3
2.1 Mål og tiltak for grunnskulane	3
3.0 Gjennomføring	6
3.1 Organisering	6
3.2 Øvrige roller	7
3.3 Møteplassar	
Møteplan for prosjektgruppa, rådgjevargruppa, arbeidsgruppa, faggrupper, fellessamlingar m.m.	7
3.4 Rapportering	10
3.5 Kritiske suksessfaktorar	11
4.0 Økonomi	11
5.0 Samarbeid mellom Høyanger vidaregåande skule og Høyanger kommune	12
5.1 Kvalitet i opplæringa – fagleg samarbeid	12
5.2 Teknisk drift, vedlikehald og bruk av undervisningslokale	14
5.3 Personalsamarbeid	14
5.4 Gjennomgåande rådgjevingsarbeid	15
5.5 IKT	16
5.6 Minoritetsspråklege elevar	16
6.0 Vurdering / Evaluering	16
Vedlegg til felles prosjektplan:	
Nr. 1 Mandat for fagnettverk i prosjekt 1-13	(17) 1
Nr. 2 Vurdering for læring - Felles plakat for HVGS og grunnskulane i Høyanger kommune	(18) 2
Nr. 3 Avtale om felles bruk av faglærarar	(20) 4
Nr. 4 Avtale om felles bruk av IKT-lærling	(21) 5
Nr. 5 Avtale om felles bruk av spesialrom	(22) 6
Nr. 6 Avtale om periodar med hospitering for 10.klassane	((23) 7
Nr. 7 Avtale for rådgjevarsamarbeid Høyangerskulen 1 - 13	(24) 8
Nr. 8 Handlingsplan - Tidleg innsats, Tilpassa opplæring og Spesialundervisning (kortversjon)	(25) 9
Nr. 9 Fråfall i utdanninga	(26) 10
Nr. 10 Plan for kompetanseheving Høyangerskulen 1 - 13	(34) 18

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Prosjektskildring:

1. Det er oppretta eit to-årig prosjekt der Sogn og Fjordane fylkeskommune har inngått eit forpliktande samarbeid med Høyanger kommune om eit samanhengande 13-årig opplæringsløp. Samarbeidet skal bidra til auka kvalitet på tenestene.
2. Samarbeidet mellom kommune og fylkeskommune skal formaliserast gjennom skriftlege avtalar.
3. Prosjektet skal evaluerast etter to år. Resultat som kan målast skal synleggjerast.

Felles prosjektplan:

Felles prosjektplan tek utgangspunkt i prosjektet sine mål og inneheld:

- Måla vi set oss.
- Milepælar for prosjektgruppa.
- Møteplan for felles samlingar mellom ansvarspersonar.

2.0 Mål for prosjektet

Overordna mål for prosjektet:

- Auke og sikre kvaliteten i læringsarbeidet gjennom heile grunnopplæringa for å gi elevane best mogeleg fagleg og sosial kompetanse.
- Hindre fråfall frå vidaregåande opplæring.
- Identifisere og ha resultat for økonomisk innsparing.
- Synleggjere resultat der dette kan målast:
 1. økonomisk innsparing
 2. læringsresultat (jfr. Grunnskolepoeng på Skoleporten)
 3. auka gjennomføring vidaregåande opplæring. Måltal vil vere på progresjon frå VG1 til VG3 frå skuleåret 2011 - 2012 og framover

Delmål:

- Felles planlegging av skuleåret for å legge til rette for møtepunkt
- Etablere eit system for fagleg samarbeid for å sikre gode overgangar. Gjennomgåande læreplanar.
- Etablere ei samanhengande rådgjevingsteneste
- Betre utnytting av ledige rom - Faget utdanningsval og enkelte valfagstilbod vert lagt til Høyanger VGS
- Alle 10. klassingar ved Høyanger skule skal ha delar av undervisinga i fellesfaga på Høyanger VGS.
- Vidareutvikle systemretta arbeid mellom PPT og skulane.

2.1 Mål og tiltak for Høyangerskulen 1 - 13

Læringsmiljø.

Mål: *Alle elevar i skulane i Høyanger kommune skal ha eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulane i Høyanger har som mål at elevane opplever høg grad av meistring i samband med undervising, lekser og arbeid på skulen.*

Tiltak:

- Skulane skal vidareutvikle kompetanse for alle pedagogar i klasseleiing og systematisk og kontinuerleg jobbe for å redusere og førebygge graden av mobbing.
- Skulane gjennomfører Ordensreglement vedteke i Kommunestyret 17.12.2013 og kommunal plan for ivaretaking av elevane sine rettar etter Oppl.l. § 9 a.

Læringsresultat.

Mål: *Skulane har som mål å vidareføre dei gode resultatane elevane har på Nasjonale Prøver i 5. klasse og arbeide systematisk med grunnleggande dugleikar også på 5. - 10. klasse for å auke talet på elevar som ligg på meistringsnivå 2 og 3 i 8. og 9. klasse. Elevane ved skulane skal oppnå minst like gode eksamensresultat og grunnskulepoeng som kommunegruppe 3 i dei skriftlege faga. Avgangselevane ved grunnskulane i Høyanger oppnår svært gode resultat. Gjennomsnittet dei siste fem åra for Grunnskulepoeng er høgare enn for Sogn og Fjordane fylke og klart over gjennomsnittet for kommunegruppe 3 og landsgjennomsnittet. Skulane har som mål å vidareutvikle dette.*

Tiltak:

- Systematisk arbeid i undervisninga med grunnleggande dugleikar (lesing, skriving, rekning) i alle fag 1. - 13. klasse
- Kompetanseheving for lærarane for å halde god kvalitet i læringsarbeidet og halde læringstrykk 1. - 13. klasse med særskilt fokus på 5. - 7. klasse.
- Undervisning på tvers av skulane. Faggruppene deltek i planlegging av felles prosjekt/tema ved hospitering for 10. klassane saman med lærarar 10.klasse og HVGS Vg1 og Vg2. Felles vurdering desse periodane.
- Alle lærarar deltek i faggruppe på eigen skule for å sikre god læreplanforståing og fagleg innsikt
 - o Faggruppene internt på skulane nyttar interne og eksterne rettleiarar (hugs også bruk av ressurslærarar) i arbeid med læreplanane og med faglege/didaktiske opplegg. Arena for fagleg refleksjon og utvikling er avgjerande for å få fagleg utvikling og kvalitet på arbeidet i alle klasserom.
 - o Fagsamarbeid utanom skuletid på elevfrie fredagar og frivillige samlingar på ettermiddag/ kveld om tema innanfor målsettingane for Høyangerskulen 1 - 13: Klasseleiing, Vurdering for læring, Norsk, Matematikk, Engelsk, grunnleggande dugleikar, lesing/ skriving/ rekning i alle fag, og i tillegg andre aktuelle tema for skulane som bruk av ActiveBoard m.m.
 - o Felles kursdag og fagsamarbeid på planleggingsdag 12. 08.2015 med framhald skuleåret 2015 - 2016.

Vurdering for læring. Skulane skal fylgje dei fire prinsippa for Vurdering for læring:

1. Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei.

2. Elevane skal ha tilbakemeldingar som fortel om kvaliteten på arbeidet eller presentasjonen.
3. Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.
4. Elevane skal vere involverte i eige læringsarbeid med mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga faglege utvikling.

Overgangar og auka gjennomføring. Skuleåret 2013 - 2014

Fullført og bestått Vg1

	HVGS	S&Fj
Bestått:	88 %	83 %
Fråfall:	1 %	

Fullført og bestått Vg2

	HVGS	S&Fj
Bestått:	93,8 %	80 %
Fråfall:	11 %	

Vi har god gjennomføring og lavt fråfall. Vi må difor syte for at elevane har dei grunnleggande dugleikane ein treng for vidare opplæring og framtidig yrkesliv. Vi kan likevel bli betre på fullført og bestått. Svake lese- og skrivedugleikar på Vg1, samstundes som krava er aukande, kan lett føre til manglande motivasjon og resultere i karakteren 1 eller IV, noko som vil få konsekvensar for heile utdanningsløpet.

Mål:

- ***Skulane har som mål å sikre alle overgangar frå barnehage og til vidaregåande opplæring.***
- ***95 % fullført og bestått både på Vg1 og Vg2 innan 2016***

Tiltak:

- Skulane fylgjer Plan for overgangar Høyanger kommune.
- Fagsamarbeid 1. - 13. kl. med fokus på alle overgangar.
- Satsing på grunnleggande dugleikar. Tema for klasselærarmøte, yrkesretting av fellesfaga og kompetanseheving av lærarar.
- Nytte faget utdanningsval - kompetanseheving av lærarar og rådgjevarar.
- Ved fare for karakteren 1 eller IV skal eleven, i tillegg til fagsamtalen, kallast inn til rådgjevar eller avdelingsleiar for at dei saman skal finne ut korleis eleven skal oppnå karakteren 2 eller betre.
- Yrkesfag; Vidareføre forpliktande avtalar med bedrifter i samband med utplassering i faget prosjekt til fordjuping og auke kvaliteten i faget gjennom tettare samarbeid med opplæringskontora.
- Gjennomgåande rådgjevingsteneste frå 8.trinn med særskilt satsing på utdanningsval og arbeidslivsfaget.
- Lette overgangen til vg opplæring ved hospitering i 1 - 13 skulen lengre periodar

3.0 Gjennomføring

3.1 Organisering

PROSJEKTEIGAR:

- Rådmann Arve Varden/ Oppvekstsjef Stig Engen
- Tor-Einar Holvik Skinlo, assisterande fylkesdirektør for opplæring

PROSJEKTGRUPPE:

- Prosjektleder Solveig Berstad Sande, pedagogisk rådgjevar, Høyanger kommune
- Prosjektmedlem Stig Engen, oppvekstsjef, Høyanger kommune
- Prosjektmedlem Morten Rørvik, rektor Høyanger skule / Høyanger kommune
- Prosjektmedlem Odd Willy Knudsen, rådgjevar/ inspektør Høyanger skule / Høyanger kommune
- Prosjektmedlem Hanne Hjelmeland Ørnehaug, inspektør Høyanger skule / Høyanger kommune
- Prosjektmedlem Torill Thorbjørnsen, rektor Høyanger VGS
- Prosjektmedlem Jardar Trollebø, avd.leiar, Høyanger VGS
- Prosjektmedlem Kristin S. Råsberg, avd.leiar Høyanger VGS
- Prosjektmedlem Jarl Ulvestad, Utdanningsforbundet i Høyanger
- Prosjektmedlem Tove Walderhaug, htv Fagforbundet i Høyanger

REFERANSEGRUPPE:

- Medlem Åsmund Berthelsen, Utviklingsrettleiar i HAFS-regionen
- Medlem Astrid F. Paulsen, rådgjevar KS Sogn og Fjordane
- Medlem Ingrid Syse, Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Medlem Thorvald Røneid Moen, Fylkesmannen
- Medlem Frode Øren, Høyanger Næringsutvikling AS
- Medlem Magnhild Hoddevik, fylkestyremedlem Utdanningsforbundet

ARBEIDSGRUPPE: Rektor HVGS, rektor Høyanger skule, prosjektleder

RÅDGJEVARGRUPPE: Astrid Harlem, Astrid Andersen, Odd Willy Knudsen, Målfrid Førde, Morten Torvund

FAGGRUPPER SKULEÅRET 2014/15:

Engelsk

Høyanger skule:	Asbjørn Sagen og Jarl Ulvestad
Lavik skule:	Thomas Michael James
Bjordal skule:	Kjersti Søreide
Høyanger vgs:	Erlend Skreien, Eva Fredriksen og Vidar Nygard

Norsk

Høyanger skule:	Anne Britt Engen og Randi Sviggum Håre
Lavik skule:	Laila Hellem
Bjordal skule:	Kjerstin Solend
Høyanger vgs:	Hege Rusti , Elin Chelighem, Steinar Gjerde

Matematikk

Frå Høyanger skule:	Else Britt Nese og Gunhild Skåsheim
Lavik skule:	Svein Kåre Nybø
Bjordal skule:	Laila Røkenes
Frå Høyanger vgs:	Kjell Erik Olsen og Mari Wøien Håland (Lidvar Berge)

Valfag

Frå Høyanger skule:	Else Luggenes og Ove Olsen
Frå Høyanger vgs:	Dan Longfellow og Ingunn Eikås

Mandat for faggruppene ligg ved. VEDLEGG nr. 1.

Møteplan 2014 – 2015 er oppsett etter felles plan for møtefredagar.

RESSURSGRUPPER:

- Emnegrupper - Klasseleiing, Vurdering for Læring
- Rektorgruppe - Administrasjonsmøte der rektor HVGS deltek
- Foreldregruppe - rektorane involverer FAU på kvar skule

3.2 Øvrige roller

Medlemmene i faggruppene er bindeledd mellom fagarbeidet i personalet på skulen og arbeidet i faggruppa. Alle lærarar deltek i ei av faggruppene. Slik kan arbeidet med gjennomgåande læreplanar og kompetansemål i større grad styre undervisninga på skulane og i alle klasserom.

3.3 Møteplassar

“Vi må alltid møte andre for å finne oss sjølv”

Prosjektgruppa
Arbeidsgruppe
Nettverksgrupper
Faggrupper
Referansegruppe

I prosjektet vil det vektleggast jamlege møteplassar.

3.3.1 Møteplan / milepelsplan:

Gruppe	Dato	Stad	Ansvarleg	Kva er utført ?
Fagdag / felles for lærarar og assistentar	xx.08.13	Høyanger samfunnshus HVGS	VFL-gruppa	Vurdering for læring ved Kari Smith Cafédialog
Prosjektgruppa	28.08.13	HVGS	Torill Torbjørnsen	
Prosjektgruppa	03.10.13	HVGS	Torill Torbjørnsen	
Fagdag / felles for lærarar og assistentar	17.11.13	Høyanger samfunnshus HVGS	VFL-gruppa	Vurdering for læring Ved Olga Dysthe
Prosjektgruppa	03.12.13	HVGS	Torill Torbjørnsen	Start arbeid med forpliktande avtaler.
Prosjektgruppa	12.12.13	HVGS	Torill Torbjørnsen	Lærarsamarbeid Flytte klassar frå Høyanger skule til HVGS. Fag, fagrom
Rådgevargruppa	15.01.14	HVGS	Morten Torvund	
Prosjektgruppa	28.01.14	HVGS	Torill Torbjørnsen	
Prosjektgruppa	17.02.14	HVGS	Prosjektleiar	
Arbeidsgruppa	21.02.14	HVGS	Prosjektleiar	Samkøyre fredagar til planlegging HVGS – HGRSK Møteplan for prosjektgruppa Møteplan for fagnettverk
Rådgevargruppa	11.03.14	HVGS	Morten Torvund	Utdanningsval Hospitering Sosialpedagogisk rådgjeving
Prosjektgruppa	24.03.14	HVGS	Prosjektleiar	Opprette faggrupper
Fagdag / felles for lærarar og assistentar	31.03.14	Høyanger samfunnshus	VFL-gruppa	Vurdering for læring ved Roar Engh Gruppearbeid
Arbeidsgruppa	01.04.14	HVGS	Prosjektleiar	Mandat for fagnettverk prosjekt 1-13 Bestilling og mandat til rådgj.gruppa
Arbeidsgruppa	23.04.14	HVGS	Prosjektleiar	Førebu møte i Prosjektgruppa 28.05.14.
Prosjektgruppa	28.04.14	HVGS	Prosjektleiar	Førebu møte 19.05.14. Gjennomgå og redigere prosjektplanen. Fagnettverk og mandat til fagnettverka. Søke prosjektmidlar ?
Hospitering	14.05.14 14.05.14	Stangnes VGS Harstad	Torill Torbjørnsen	Møte leiargruppa
Prosjekteigarar, referansegruppe og prosjektgruppa	19.05.14	HVGS	Prosjektleiar	Gjennomgang av mandat for arbeidet. Forventningar til arbeidet. Status så langt for prosjektgruppa. Tilbakemelding frå turen til Harstad.
Prosjektgruppa	28.05.14	HVGS	Prosjektleiar	Møteplan skuleåret 2014-15
Arbeidsgruppa	03.06.14	HVGS	Prosjektleiar	Førebu møte med faggruppene. Kl. 10.00 - 12.00
Faggruppene	03.06.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 12.00 - 14.00
Arbeidsgruppa	04.08.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 11.00
Prosjektgruppa	06.08.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 12.00 - 14.00
Faggruppene	12.08.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 12.00 - 14.00
Arbeidsgruppa	01.09.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 11.00
Prosjektgruppa	05.09.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 11.30 - 14.00 - Utvida møte med prosjekteigar og referansegruppa kl. 12.30 - 14.00

Arbeidsgruppa	15.09.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 11.00
Prosjektgruppa	19.09.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 12.00 - 14.00
Faggruppene	03.10.14		Gruppeleiar	Kl. 11.00 - 14.00
Arbeidsgruppa	06.11.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 11.00
Prosjektgruppa	14.11.14	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 12.00 - 14.00
Arbeidsgruppa	12.01.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 12.00 Utvida møte med referansegruppa kl. 10.00 - 12.00
Prosjektgruppa	16.01.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 12.00 - 14.00
Arbeidsgruppa	19.01.15	Oppvekstkontor	Prosjektleiar	Kl. 11.30 - 13.00
Faggruppene	30.01.15		Gruppeleiar	Kl. 11.00 - 14.00
Arbeidsgruppa	16.03.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 11.00
Prosjektgruppa	20.03.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 12.00 - 14.00
Faggruppene	17.04.15		Gruppeleiar	Kl. 11.00 - 14.00
Arbeidsgruppa	07.05.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 11.00
Prosjektgruppa	11.05.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 12.00 - 14.00
Faggruppene	05.06.15	HVGS	Prosjektleiar og Gruppeleiar	Kl. 11.30 - 14.00. Felles start, med lærarar 9.kl. No/ Mat/ Eng.
Arbeidsgruppa	15.06.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 08.30 - 10.00
Arbeidsgruppa	26.06.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 08.30 - 10.00 Evaluering av prosjektet
Prosjektgruppa	26.06.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 12.00 Evaluering av prosjektet. Utvida møte med referansegruppa - innspel til vidare arbeid.

Milepelsplan.

Vår 2015:

Vi fylgjer milepelsplan over. 10 B og 10 C har klassehospitering 4 veker kvar med førebuaende fagsamarbeid og rapport etter gjennomføring.

Faggruppene skal ha eit konkret samarbeidsprosjekt desse vekene. Lærarsamarbeid på tvers av skulane i faga og i vurderingsarbeid/ vFL.

Skuleåret 2015 - 2016:

Felles fagdag 12.08.2015 Grunnleggande dugleikar; rekning for 1. - 4. kl. og lesing/ skrivning for 5. - 13. kl.

August/ september 2015: Tilbakemelding etter kartleggingsprøver VG1 til grunnskulane v/ Astrid Andersen.

Felles fagdag grunnskule 16.11.2015: Grunnleggande dugleikar (HAFS)

Bruk av elevfrie fredagar er sendt til drøfting og evaluering i klubbane på skulane. Dette er grunnlag for vedtak om korleis vi organiserer skuleåret 2015 - 2016.

Møteplan/ Milepelsplan Skuleåret 2015 - 2016

Gruppe	Dato	Stad	Ansvarleg	Kva er utført ?
Arbeidsgruppa	05.08.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 11.30 - 14.00
Fagdag / felles for lærarar 1. - 4.	12.08.15	Høyanger skule	Arbeidsgruppe Faggruppe matematikk	Matematikkenteret NTNU, Bård Vinje og Eskil Braseth. Rekning som grunnleggande dugleik.
Fagdag / felles for lærarar 5. - 13.	12.08.15	Høyanger samfunnshus	Arbeidsgruppe Faggruppe Norsk	Sture Nome, Lesesenteret: Lesing/ skrivning som grunnleggande dugleik

Faggruppene	21.08.15	HVGS	Prosjektleiar, arbeidsgruppa	Felles start Kl. 11.30 - 14.00. Møteplan, førebu utvida hospitering 10. kl.
Rådgjevargruppa		HVGS	Morten Torvund	
Internt fagarbeid på skulane	04.09.15	Internt på skulane	Rektorar, faggrupper	Referat etter møta (gjerne kort stikkordsnotat) skal sendast til prosjektleiar.
Faggruppene	18.09.15?	Der det høver	Faggruppeleiar	Kl. 11.30 - 14.00
Rådgjevargruppa		HVGS	Morten Torvund	
Internt fagarbeid på skulane	02.10.15	Internt på skulane	Rektorar, faggrupper	Referat etter møta (gjerne kort stikkordsnotat) skal sendast til prosjektleiar.
Arbeidsgruppa	06.11.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 12.00
Fagdag / felles for lærarar og assistentar gr.sk.	16.11.15		HAFS	
Prosjektgruppa	17.11.15	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 11.30 - 14.00
Rådgjevargruppa		HVGS	Morten Torvund	
Faggruppene	20.11.15?	Der det høver	Faggruppeleiar	Kl. 11.30 - 14.00
Hospitering 10 A	v. 46-49	HVGS	Fagsamarbeid, temadagar/ fagdagar på tvers av skulane, felles vurdering m.m. Kort rapport til prosjektleiar.	
Hospitering 10 B	v. 2-5	HVGS		
Internt fagarbeid på skulane	29.01.16	Internt på skulane	Rektorar, faggrupper	Referat etter møta (gjerne kort stikkordsnotat) skal sendast til prosjektleiar.
Internt fagarbeid på skulane	04.03.16	Internt på skulane	Rektorar, faggrupper	Referat etter møta (gjerne kort stikkordsnotat) skal sendast til prosjektleiar.
Arbeidsgruppa		HVGS	Prosjektleiar	Kl. 11.30 - 14.00
Rådgjevargruppa		HVGS	Morten Torvund	
Faggruppene	08.04.16	HVGS	Prosjektleiar, arbeidsgruppa	Felles start Kl. 11.30 - 14.00
Prosjektgruppa	13.04.16	HVGS	Prosjektleiar	Kl. 10.00 - 12.00 Evaluering av prosjektet. Utvida møte med referansegruppa - onsdag 13.04.16 for endeleg evaluering.

3. 4 Rapportering

Rapportering undervegs til prosjektgruppe, prosjekteigar og referansegruppe med referat og utsending av oppdateringar av Prosjektplanen. Evaluering og innspel til vidare arbeid frå Referansegruppa i møte 26.06.2015. Førebels rapport vert sendt til Udir januar 2016 med

måloppnåing og disponering av tildelte midlar. Endeleg rapport våren 2016 vert drøfta i prosjektgruppa og referansegruppa onsdag 13.04.2016 og send til skuleeigar.

3.5 Kritiske suksessfaktorar:

- Ulike kulturar i skulane og i kommune/ fylkeskommune
- Ulik organisering/ system
- Ulike lovverk
- Innsparingspotensiale
- Få flyt mot saumlaus drift

4.0 Økonomi

* Høyanger kommune dekker nokre kostnader ved sambruk og lærarutveksling og kjøper tenester frå HVGS ved eksamensavvikling, grunnskuleopplæring for vaksne, deler av IKT-læring, husleige ved bruk av rom HVGS.

* Tildelte prosjektmidlar frå Udir, kr. 250.000.-, dekker utgifter i prosjektsamarbeidet Høyangerskulen 1 - 13. Budsjettutkast:

Aktivitet	Kostnad
08.09.2014 kl. 08.30 - 11.00; foredrag om nettvett, Eva Bratvold (Digital kompetanse)	30.000.-
Møteutgifter	10.000.-
Faglitteratur til faggruppene/ skulane	10.000.-
Faggruppeleiarar, godtgjersle	40.000.-
Kurs etter søknad frå faggrupper/ kompetanseheving	90.000.-
Nettside/ heimeside - ungdomsbedrift?	40.000.-
Leiaropplæring	10.000.-
Anna	20.000.-
Totalt	250.000.-

5.0 Samarbeid mellom Høyanger vidaregåande skule og Høyanger kommune

5.1 Kvalitet i opplæringa - fagleg samarbeid

Vi vil legge til rette for eit breitt samarbeid om pedagogiske og sosiale utfordringar kring den enkelte elev og grupper av elevar både på individ- og systemnivå. For å få til dette vil Høyanger kommune og Høyanger vidaregåande skule utarbeide felles årsplanar og utvikle forpliktande partnerskapsavtaler på fleire område.

Gjennom samhandling og ein målretta delingskultur vil vi arbeide for å sikre robuste og profesjonelle fagmiljø i utdanningssektoren. Vi vil arbeide for eit godt utviklingsmiljø for ungane frå barnehage til fullført vidaregåande skule.

Område for fagleg samarbeid i opplæringa:

OMRÅDE FOR SAMARBEID	MÅL OG INNHOLD	OMFANG OG TIDSPERSPEKTIV	ØKONOMI
VURDERING FOR LÆRING	Auke kompetansen innan vurdering av / for / som læring. Skape felles forståing for VFL i heile skuleløpet. Arbeide mot meir lik vurderingspraksis. Lage felles vurderingskriterie og felles VFL-plakat. VEDLEGG 2	2-årig prosjekt frå hausten 2012 til våren 2014. VFL er framleis sentralt i dagleg arbeid i Høyangerskulen 1 - 13.	Innan vanleg drift.
KLASSELEIING	Grunnskulane er med i pulje 1 i den nasjonale satsinga <i>Ungdomstrinn i utvikling</i> - mål er å utvikle skulen sin praksis på område som <i>klasseleiing, rekning, lesing og skriving på ungdomstrinnet</i> og å utvikle læraren sin didaktiske kompetanse for at undervisinga skal bli meir <i>praktisk, variert og motiverande</i> i alle fag. Barneskulane er med i delar av denne kompetansehevinga. HVGS har arbeidd og arbeider også med <i>klasseleiing og grunnleggande ferdigheiter</i> .	Hausten 2013 – våren 2015 i samspel med HiSF. 4 småsamlingar og 2-3 storsamlingar. HiSF arbeider med lage til eit tilbod til lærarane om å fullføre/gjennomføre satsinga som vidareutdanning. Satsingsområde vidare: hausten 2015 – våren 2017.	HAFS-regionen deler på utviklingsrettelær i 75% stilling og 4 ressurslærarar.
GRUNNLEGGANDE FERDIGHEITER			
TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING	Skulane i Høyanger kommune utarbeider ein ny handlingsplan med arbeidstittel <i>Tilpassa opplæring, tidleg innsats og spesialundervisning</i> i samarbeid med PPT. HVGS sin plan blir innarbeidd i planen. Vi tenkjer oss eit tett samarbeid mellom skulane, PPT og eventuelt andre etatar for å vidareutvikle møte- og samarbeidsstrukturar.	Kommunal spes.ped.-gruppe hausten 2013 – våren 2015. HVGS blir representert i gruppa frå hausten 2014. Handlingsplan ferdig hausten 2014. Vedlegg nr. 3: Innhold frå Handlingsplanen.	Innan vanleg drift.

OVERGANGANE	Gjennom arbeidet i faggruppene og i arbeidet med «spes.ped.planen», som det er vist til over, vil vi spesielt ha fokus på overgangane. Vi skal vidareutvikle strukturar og rutinar for å overlevere kompetanse og nødvendig informasjon frå barnehage til vidaregåande skule.	Kommunal plan for Overgangar vert evaluert og vidareført.	Innan vanleg drift.
INTERNASJONALISERING	Internasjonalisering og tradisjonskunnskap vert arbeidd med m.a. i Comeniusprosjekt på nokre av skulane.	Ulike prosjekt med varierende omfang.	EU-midlar tildelte etter søknad dekker utgiftene.
FAGSAMARBEID	Opprette faggrupper for å utvikle kvaliteten på opplæringa for elevane både fagleg og i eit danningperspektiv. Styrke samarbeidet mellom skulane og mellom skule og lokalsamfunn. Bidra til å auke gjennomføringa av og å styrke overgangane i det 13-årige skuleløpet. Sjå mandat vedlegg nr. 1.	Oppstart 03.06.14. Hausten 14 – våren 15. Evaluering i juni 2015. Vidareføring frå hausten 2015.	Tildelte midlar frå Udir styrkar arbeidet i faggruppene.
VALFAG	I første omgang samarbeid om bruk av utstyr og lokale og samarbeid om bruk av personell. Grunnskulen gjer avtale med HVGS om å låne lokale til m.a. valfag som t.d. <i>design og redesign</i> .	Frå hausten 2014 vert det laga eigen plan for Arbeidslivsfag i Rådgjevargruppa.	Innan vanleg drift.
TRYGGLEIK OG TRIVSEL	Høyangerskulen 1 - 13 samordnar regelverk og handtering av dette.	Tema i personalmøta på skulane og i administrasjonsmøta i kommunen.	Innan vanleg drift.
NETTVETT OG BRUK AV SOSIALE MEDIER	Vi ønskjer å <ul style="list-style-type: none"> • setje fokus på arbeidet med nettvett og sjå dette arbeidet i samheng med elevane sitt psykososiale miljø • bevisstgjere elevane slik at dei veit kvar grensene går for eigen og andre sin integritet, veit kvar dei skal vende seg dersom dei finn uønskt informasjon om seg sjølv på nettet og veit konsekvensane for seg sjølv og andre dersom dei bryt lova. 	Fellessamlingar for 8.-10. klassingane i Høyanger kommune og HVGS: Ved skulestart 2014: Haldningar, nettvett, digital mobbing. Oktober 2014: Lovverk og konsekvensar av lovbrøt. Høyanger kommune har revidert regelverket for å sikre eit godt psykososialt læringsmiljø, m.a. ved felles ordensreglar. April 2015: Kva har vi lært i år om nettvett?	Innan vanleg drift. Tildelte midlar frå Udir dekker utgifter til foredragshaldar Nett-vett 08.09.2014 kl. 08.30 - 11.00.

5.2 Teknisk drift, vedlikehold og nytting av lokale

OMRÅDE FOR SAMARBEID	MÅL OG INNHOLD	OMFANG OG TIDSPERSPEKTIV	ØKONOMI
FELLES VAKTMEISTER- OG REINHOLDSTENESTE	Innsparing v/ sambruk		
UTSTYRSPPOOL	Innsparing v/ sambruk		
UTEOMRÅDE	Innsparing v/ sambruk		
ENERGIBRUK	Innsparing v/ sambruk		
PRISAVTALER FOR HUSLEIGE v/ Bygg og Eigedom		2014 - 2015	240.000.-
LOKALE OG UTSTYR TIL OPPLÆRING AV MINORITETSSPRÅKLEGE	Innsparing v/ sambruk	2014 - 2015	Kostnadsdeling HVGS - Høyanger kommune
LOKALE OG UTSTYR TIL VALFAG Sjå pkt. 4.1	Innsparing v/ sambruk	2014 - 2015	Kostnadsdeling HVGS - Høyanger kommune
LOKALE OG UTSTYR TIL ANDRE FAG	Innsparing v/ sambruk	2014 - 2015	Kostnadsdeling HVGS - Høyanger kommune
BRUK AV IDRETTSHALL	Innsparing v/ sambruk	2014 - 2015	Kostnadsdeling HVGS - Høyanger kommune
BRUK AV SAMFUNNSHUS	Innsparing v/ sambruk	2014 - 2015	Kostnadsdeling HVGS - Høyanger kommune

5.3 Personalsamarbeid

OMRÅDE FOR SAMARBEID	MÅL OG INNHOLD	OMFANG OG TIDSPERSPEKTIV	ØKONOMI
DELE PÅ PEDAGOGISK PERSONALE	Fransklærer m.m.	2014 - 2015	Kostnadsdeling HVGS- Høyanger kommune, refusjonsavtaler
REKRUTTERING	Felles utlysing	Våren 2015	Kostnadsdeling kr. 50.000.-
TILSETJING	Samarbeid	Våren 2015	Innsparing v/ sambruk
IKT-LÆRLING	Felles bruk og felles ansvar. Sjå Vedlegg nr. 6	01.09.2014 - 01.09.2016	Kostnadsdeling, refusjonsavtaler kr. 80.000.-
MILJØARBEIDAR/ ASSISTENT	Høyanger skule har ansvaret. Haust 2015 : assistent følgjer elev frå Høy skule til HvgS	2015 - 2016	Refusjonsavtaler
KOMPETANSEHEVING	Fagkomp., etter- og vidareutdanning. Felles pl.l.dag aug.2015, Relasjonskompetanse	2014 - 2016	Kostnadsdeling, Refusjonsavtaler kr. 30.000.-

5.4 Gjennomgåande rådgjevingsteneste

OMRÅDE FOR SAMARBEID	MÅL OG INNHOLD	OMFANG OG TIDSPERSPEKTIV	ØKONOMI
KARRIERETTELING	For å sikre rett val og hindre fråfall frå VGO. Samarbeid med næringsliv.	Avtale frå hausten 2014 (sjå Vedlegg nr. 8).	Samfunnsvinst, vanskeleg å talfeste (sjå Vedlegg nr. 4)
UTDANNINGSVAL	Grunnskulane kan nytte spesialrom (t.d verkstadane på TIP/elektro, språklab og IT-rom) på Høyanger vgs når desse er ledige. Rådgivar frå vgs kan brukast som ressurs i planlegging og gjennomføring av faget på grunnskulane.	Avtale frå hausten 2014 (sjå Vedlegg nr. 8).	Samfunnsvinst, vanskeleg å talfeste (sjå Vedlegg nr. 4)
HOSPITERING	Auke utbytte av hospiteringa ved at kompetanssmål frå vgs vert meir konkrete og at det vert sendt med aktuelt lærestoff slik at elevane frå grunnskulen kan arbeide med dette i forkant av hospiteringa. Lærarane har førebunde møte for å sikre godt samarbeid og fagleg/ sosialt utbyte for elevane.	Frå hausten 2014.	Samfunnsvinst, vanskeleg å talfeste (sjå Vedlegg nr. 4)
DEI SOSIALPEDAGOGISKE TENESTENE	Overføringsmøte for alle elevar frå Lavik, Bjordal og Høyanger skule som byrjar på Høyanger VGS. Senke terskelen for samarbeidet mellom rådgjevar VGS, rådgjevar GRSK og kontaktlærarar om enkeltelevar.	Felles årsplan.	Samfunnsvinst, vanskeleg å talfeste (sjå Vedlegg nr. 9)
SPESIALPEDAGOGISKE TENESTER Sjå pkt. 4.1	Lage ein gjennomgåande plan for kartlegging, tidleg innsats, tilrettelagt undervisning og spesialundervisning, systemretta arbeid frå barnehage til VGO.	Ferdig hausten 2014 (sjå Vedlegg nr. 3).	Samfunnsvinst, vanskeleg å talfeste (sjå Vedlegg nr. 3) kr. 100.000.-
ARBEIDSLIVSFAG	Rådgjevargruppa startar arbeidet med å lage ein plan for Arbeidslivsfag haust 2014 slik at planen kan takast i bruk hausten 2015 når faget vert obligatorisk i ungdomsskulen.	Avtale frå hausten 2014 (sjå Vedlegg nr. 10)	Samfunnsvinst, vanskeleg å talfeste (sjå Vedlegg nr. 11)

5.5 IKT

OMRÅDE FOR SAMARBEID	MÅL OG INNHOLD	OMFANG OG TIDSPERSPEKTIV	ØKONOMI
DELING AV KOMPETANSE	Eksamensavvikling V.O., NP, eksamen grunnskule, opplæring i bruk av språk-lab., opplæring i GeoGebra	2014 - 2016	Kostnadsdeling HVGS - Høyanger kommune kr. 30.000.-
DELING PÅ LÆRLINGAR	IKT-lærling (sjå 4.3) IKT-lærling	2014 - 2016 felles ansvar opplæring 2015 – 2016	Kostnadsdeling HVGS - Høyanger kommune kr. 80.000.-
DELING PÅ UTSTYR OG PROGRAMVARE		2014 - 2016	Kostnadsdeling HVGS - Høyanger kommune kr. 10.000.-

5.6 Minoritetsspråklege elevar og vaksenopplæring

OMRÅDE FOR SAMARBEID	MÅL OG INNHOLD	OMFANG OG TIDSPERSPEKTIV	ØKONOMI
NORSKOPPLÆRINGA	Norsk med samfunns-kunnskap og Matematikk. HVGS tek ansvar for språkprøve 2 og 3.	2014 - 2016	Høyanger kommune dekker lønskostnader Innsparing HVGS: kr. 240.000.- (jfr. 4.2)
INTEGRERING	Hospitering i klassar	2014 - 2016	Kr. 10.000.-
KVALIFISERE TIL JOBB	Språk- og arbeidspraksis	2014 - 2016	Kr. 10.000.-
GRUNNSKULEOPPLÆRING	Samarbeid V O og Høyanger skule. HVGS/ Høyanger skule tek ansvar for eksamen.	2014 - 2016	Høyanger kommune tek evt kostnader. Innsparing HVGS: kr. 240.000.- (jfr. 4.2)

6.0 Vurdering / evaluering

Prosjektet og prosessen vil fortløpande bli vurdert. Fleire møtepunkt, men spesielt prosjektgruppa, vil vere fora for dette viktige arbeidet.

Vi gjer ei evaluering av prosjektet så langt i møte i prosjektgruppa 28. mai 2014, og ei grundig evaluering av heile prosjektet 26.06.2015.

Denne evalueringa inkluderer også arbeidet i faggruppene, og det er viktig å synleggjere kvalitetssikring av fagleg arbeid i klasseromma og konkret utviklingsarbeid i faggruppene.